



Søknad om heving av lærekontrakt/opplæringskontrakt

Lærebedrift/opplæringskontor	Organisasjonsnummer
Lærling/lærekandidat	Fødselsnummer (11 siffer)
Lærefag	Ønska hevingsdato

<input type="checkbox"/> Vi er enige om heving	<input type="checkbox"/> Vi er ikkje enige om heving
	Heving ønskes av: <input type="checkbox"/> Lærebedrift/opplæringskontor <input type="checkbox"/> Lærling/lærekandidat

Årsak til heving (set kryss)

<input type="checkbox"/> Flytting <input type="checkbox"/> Feilval <input type="checkbox"/> Personleg årsak <input type="checkbox"/> Brot på arbeidslivets regler	<input type="checkbox"/> Fått anna arbeid <input type="checkbox"/> Overført til ny kontrakt <input type="checkbox"/> Anna årsak
--	---

Kommentar

Kva er gjort for å løyse situasjonen? (set kryss):
<input type="checkbox"/> Det er gjennomført møter mellom partane
<input type="checkbox"/> Fylkeskommunen er orientert om utfordringane
<input type="checkbox"/> Oppfølgingstenesta er involvert
<input type="checkbox"/> Elev- og lærlingombod er involvert

Underskrift (ved ueinigheit om heving, skriv berre den som ønsker heving under)		
Stad/dato	Lærebedrift/opplæringskontor	Lærling/lærekandidat

Dersom lærebedrift/opplæringskontor ønsker heving skal følgjande dokumentasjon leggjast ved:
- kompetansemål kandidaten har arbeidd med og halvårsvurdering

[Send inn skjema og vedlegg via eDialog](#)



Rettleiing ved heving av lærekontrakt/opplæringskontrakt

Heving = avslutning av lærekontrakt før sluttdatoen på kontrakten og før fag-/sveineprøve eller kompetanseprøve er avlagt.

Lovgrunnlag

Arbeidsmiljølova sine stillingsvernreglar gjeld ikkje for lærlingar/lærekandidatar/ praksisbrevkandidatar. Dersom læreforholdet skal avsluttast, må dette skje etter regelen i opplæringslova § 4-6. Det betyr at det er berre Møre og Romsdal fylkeskommune ved kompetanse- og næringsdirektøren som kan endre eller oppheve lærekontrakt / opplæringskontrakt / praksisbrevkontrakt. Fylkeskommunen avgjer kor tid læreforholdet skal ta slutt.

Opplæringslova § 4-6:

Etter samtykke frå fylkeskommunen kan kontrakten hevast av både lærebedrifta og av lærlingen eller lærekandidaten dersom

- a) Den andre parten gjer seg skyldig i vesentlege brot på pliktane sine i arbeidsforholdet*
- b) Lærlingen, lærekandidaten eller lærebedrifta viser seg ute av stand til å halde fram i læreforholdet, eller*
- c) Lærlingen eller lærekandidaten skriftleg seier frå at det er ei urimeleg ulempe for han eller ho å halde fram ut kontraktstida*

Avklaringsmøte

Fylkeskommunen skal som hovudregel bli involvert før utfylling av hevingsskjemaet, for å vurdere om det finst andre løysingar på utfordringa. Lærebedrifta/opplæringskontoret kan ta initiativ til eit avklaringsmøte, der også oppfølgingstenesta (OT) eller elev- og lærlingombodet kan delta.

Viktig informasjon til lærlingen/lærekandidaten

Du har rett til å uttale deg munnleg til fylkeskommunen før vedtak om heving av lærekontrakten. Du har rett til å få hjelp frå rådgivar i fylkeskommunen, seksjon opplæring i bedrift, og hos elev- og lærlingombodet.

Dersom du hadde ungdomsrett då kontrakten blei teikna mistar du ikkje retten til vidaregåande opplæring. Dersom du er under 21 år, har ungdomsrett og står utan opplæringstilbod, vil oppfølgingstenesta (OT) ta kontakt med deg. Ved heving får du tilsendt kompetansebevis frå fylkeskommunen som viser gjennomført læretid.